



Søndag 12. mars starter Bergen Big Band, Frode Grytten og videokunstnar Anne Marthe Dyvi ein vestlandsturné med Knut Vaage-verket «Røter II».

JOHN KARL SÆTRE
 john.karl@kvinnheringen.no

Den første versjonen av «Røter» vart urframført under Festsplene i fjor. No har Vaage omarbeidd verket til ein turnéversjon, men ideen står fast: «Røter» tar utgangspunkt i dei musikalske røtene til musikarane i Bergen Big Band (BBB). «BBB er Vestlandets jazzmusikalske flaggskip og Norges einaste profesjonelle storband med full besetning. BBB er sett saman av nokre av Bergen og omland sine finaste jazzmusikarar».

Slik startar pressemeldinga om arrangementet der Husnes Jazzklubb er vertskap. Men når Knut Vaage (61), opphavleg frå Sunde, kjem heim på denne måten, må me snakka med komponisten sjølv.

Korleis kom samarbeidet mellom deg og BBB i stand?

«BBB kontakta meg for ein del år sidan, før koronane, for å laga ein full konsert saman der eg fekk meir eller mindre frie taumar. Så valde eg å dra med Frode Grytten då eg fekk ideen om røter. Etter kvart også videokunstnar Dyvi.

Vaage viser til at at jazzan har til dels blodige røter heilt tilbake til slavehandelen til USA, der afrikanaane hadde med sin eigen kulturelle ballast.

Smeltdelig

«Slik vart det ein veldig smeltdelig der jazz og blues oppstod. Det er ei vond, men eg ei fantastisk historie. Ein tenkjer gjerne at det berre er negativt at folk må forflytta seg, og det er klart det er tøft og tragisk på veldig mange måtar, men samtidig gir det ein heilt ny situasjon og ei vitalisering.

I tillegg til dei musikalske røtene til BBB, trekkjer Vaage også inn det politiske bildet: Tilsvarende folkeforflyttingar skjer i dag i form av flyktningstraumar.

«Når det er vondt og vanskeleg, kan det likevel koma noko bra ut av det. Me

BBB: Bergen Big Band.

FOTO: THOR BRØDRESKIFT

Bergen Big Band: Urframfører Vaage-verk på Husnes

skal ikkje forherliga lidning, men historia viser at det å læra andre kulturar å kjenna gir ein rikdom. Det ligg ein melankoli her, men og ei kraft, seier Vaage og legg til:

«I tillegg kjem mine egne musikalske røter, først frå ein liten gard på Sunde. Etter kvart vart eg interessert i jazz, blues og seinare klassisk musikk og kunstmusikk, fortel samtidskomponisten.

Her kjem det fram at Vaage faktisk var med på å starta Husnes Jazzklubb, han spelte i Husnes Bluesband, og - hald deg fast - i ein liten periode skreiv han jazz-konserteriktar under psevdonym i Kvinnheringen.

- Gå til sides! Det siste der var eg ikkje klar over. Men kan me avsløra det?

«Ja, no kan me det. Men den gongen var eg ung og litt sjenert. Eg ville ikkje at folk skulle vita at det var eg som skreiv, ler musikaren, komponisten og eks-kritikaren.

- Høg storbandenergi

Vaage fortel at «Røter II» rett og slett er omarbeidd fordi verket no skal fungera som ein turnéversjon.

«Eg fekk ein del tekniske lyd-utfordringar under urframføringa under

«Når det er vondt og vanskeleg, kan det likevel koma noko bra ut av det. Me skal ikkje forherliga lidning, men historia viser at det å læra andre kulturar å kjenna gir ein rikdom. Det ligg ein melankoli her, men og ei kraft.»

KNUT VAAGE (61)
 Komponist, opphavleg frå Sunde

Festsplene, særleg dette med at nokre av musikarane i BBB skulle fortelja sine egne historier. Dette blir for vanskeleg teknisk for ein turné, så stykket er skrivne om, fortel Vaage.

- Kva får publikum høyra? Blir det innslag av jazz og blues?

«Det er skrivt til eit jazzorkester så det blir soloar. Men det er eit unikt verk det ikkje finst noko modell for. Det finst knapt komponerte verk på 60 minutt for storband, det er ikkje ein kjent sjanger. Men solistane får utfalda seg, og musikken er kanskje venlegare i tonespråket enn den reine samtidsmusikken min. Det skal fungera i eit storband og treffa musikarane. Det er ein «crossover» mellom samtidsmusikk og jazz, med rundt 40 minutt rein komponert musikk,



KREATIV TRIO: F.v. Anne Marthe Dyvi, Knut Vaage og Frode Grytten.

PRESEFFOTO

pluss improvisasjonar. Det er mykje høg storbandenergi!

- Du dirigerer sjølv under urframføringa av «Røter» i Peer Gynt-salen i Grieg-hallen. Skal du gjera det no òg?

«Nei, det vart rett og slett ein for stor jobb for meg, eg har for mykje å styra med. Det var ei rik og interessant erfaring, men eg dirigerer ikkje på turnéen.

- Men du er med på Husnes 12. mars?

«Ja, det er jo ei urframføring og eg har i praksis skrivt nytt partitur. Sidan det med musikarane sine vokalstemmer gjekk ut, måtte noko anna inn. Musikalsk sett er det i hovudsak det same, men Frode Grytten har meir å gjera som verbal solist. Han er ein jazzy og nøff type som passar godt inn, og han skriv reint og enkelt nok til at det kan stå tydeleg.

- Kva kan du seia om Dyvi sin videokunst?

«Eg har samarbeidd godt både med Grytten og Dyvi for at vi skal ha same forståing. Dyvi har henta litt både her og der, mellom anna frå den amerikanske roynnda på 1950-talet og framover. Det er blitt ein halvdocumentarisk kunstvideo som eg synest passar veldig godt. Men det er ikkje eit samanhengande videokonsept. Sidan musikkverket er ope med improvisasjonar, kan ikkje videoen ha fast lengd. Det er 14 snuttar som går inn og ut - videoar som både eg og musikarane er blitt veldig glade i, seier Vaage.

Han håpar folk kjem for å høyra og sjå «Røter II» på i Kulturhuset Husnes søndag 12. mars.